

# Prinsippprogram og vedtekter

**Stå opp for  
tryggleik**





## PRINSIPPROGRAM FOR FO 2015-2019

# PRINSIPPROGRAM FOR KONGRESSPERIODEN 2015–2019

Fellesorganisasjonen (FO) organiserer barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar. FO har som hovudmål å betre medlemmane sine løns- og arbeidsforhold og ivareta deira profesjonsfaglege interesser. Forbundet skal arbeide for å vise at vår kompetanse er naudsynt, og synleggjere profesjonane si rolle som viktige premissleverandørar og bidragsytarar i velferdsstaten. FO skal drive påverknadsarbeid innanfor tariffpolitikk, helse- og sosialpolitikk, kvinnepolitikk, likestillingspolitikk og internasjonalt arbeid. Forbundet har ein tydeleg verdiforankra politikk. FO er partipolitisk uavhengig og for ei fri og uavhengig fagrørsla. FO er tilslutta LO og har organisasjonsretten når det gjeld våre profesjonar.

FO skal vere ein open, synleg og profilert organisasjon. Organisasjonsbygging og skulering av tillitsvalde og rekruttering står sentralt. FO skal vere det naturlege valet for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar, dette gjeld også for studentane.

## FO SI VERDIFORANKRING

FO er både fagforeining og profesjonsforbund. Dette pregar vårt fokus og vår politikk. Som fagforeining møter vi dagleg utfordringar som gjeld medlemmane sine løns- og arbeidsvilkår og vilkåra for profesjonsutøvinga. Som profesjonsforbund organiserer vi profesjonsutøvarar som arbeider innanfor velferdsstaten sine rammer for å yte tenester til dei mest utsette gruppene i samfunnet. Organisasjonen sitt verdigrunnlag er basert på begge sett med perspektiv. Verdiforankringa i FO byggjer på humanisme og toleranse.

### For ein velferdsstat bygd på solidaritet og likeverd

FO sine profesjonar er vakse fram parallelt med den norske velferdsstaten. Arbeidarrørsla har vore sentral i bygginga av velferdsstaten med verdiar som solidaritet og kollektive løysingar. Velferdsstaten er basert på at velferdstenestene er eit offentleg ansvar, finansiert gjennom skattesystemet og basert på universelle ordningar. Til grunn ligg eit system med økonomisk utjamning og omfordeling.

Den marknadsliberalistiske ideologien sin dominans, med privatisering, konkurranseutsetting, sosial dumping og New Public Management, representerer ein trussel mot dette systemet. FO vil kjempe mot fattigdom og større forskjellar i folk sine levekår, og meiner difor at eit aktivt forsvar og ei aktiv vidareutvikling av velferdsstaten er naudsynt.

### **For demokrati, rettferd og menneskerettar**

Eit demokratisk samfunn bygd på likskap og rettferd føreset inkludering. Heile folket må gjevast høve til å delta i samfunnsutviklinga. Dei sameinte Nasjonane (SN) si menneskerettserklæring inneheld verdiar FO vil skal gjelde alle. Forbundet forsvare individuelle fridomar som ytringsfridom og organisasjonsfridom.

Full likestilling mellom kjønna og likebehandling av menneske uavhengig av seksuell orientering, funksjonsevne, alder, livssyn, etnisk bakgrunn eller kultur er viktige mål for forbundet. FO anerkjenner det samiske folket sin kamp for rettar som urfolk og nasjonal minoritet.

### **For eit samfunn i pakt med miljøet**

Truslane mot jorda si berekraft og mot klimaet vil ha omfattande konsekvensar for samfunnet. Måten vi lever og arbeider på, vil endre seg. Store samfunnsstenlege endringar må til, og eit snevert fokus på miljøpolitiske einiskildsaker er ikkje tilstrekkeleg.

Aktivitetar som skader klimaet må byggast ned, mens fornybar energi, energisparing og miljøtenlege bærekraftige aktivitetar må byggast ut. Dette må skje på ein planlagt måte som held oppe sosial og økonomisk tryggleik for den einskilde.

Pliktar og rettar må fordelast solidarisk, og alternative løysingar må utviklast. Det er ein verdi for FO å ta vare på miljøet og alltid søkje å handle miljøbevisst. Alle ledd i organisasjonen har ansvar for å ta miljøomsyn i sitt arbeid.

### **For etisk refleksjon og praksis**

I møtet mellom brukar og sosialarbeidar, mellom hjelp og kontroll, mellom frivillighet og tvang, mellom individ og samfunn, må FO sine medlemmar handtere etiske dilemma. Respekten for det einskilde menneske og for retten til eit verdig liv må vere grunnleggande.

Likeverd og inkludering, sjølvråderett og engasjement, tryggleik, openheit og omsorg er sentrale verdiar som må liggje til grunn for profesjonsutøvarane sin praksis. Det einskilde FO-medlem er ansvarleg for eigne handlingar og for å utvikle seg som profesjonsutøvar gjennom etisk, fagleg og juridisk refleksjon over eigen praksis.

FO-medlemmar har ansvar for å varsle om forhold som skapar sosiale problem og bidrar til sosial utstøying eller uverdige livsvilkår.

# 1. LØN, ARBEIDSFORHOLD OG ARBEIDSMILJØ

Ein solidarisk og rettferdig lønspolitikk skal ligge til grunn for FO sin tariffpolitikk.

Trepartssamarbeidet føreset høg grad av organisering i arbeidslivet. Samarbeidet er berande i den norske modellen, og sikrar god involvering og gjensidig forplikting til å skape kvalitet i tenestene. Fagorganisering og faglege rettar er grunnpilaren for eit velfungerande og godt arbeidsliv. Lov og avtaleverk skal sikre dette.

FO skal forsvare ei sterk arbeidsmiljølov og gode kollektive avtaler. FO skal ivareta tariffavtalen si betydning og bevare streikeretten.

Ein god arbeidslivspolitikk skal ivareta alle arbeidstakarar i eit livsløpsperspektiv.

## 1.1 Løn

### • Likeløn

Kvinner og menn skal ha lik løn for same arbeid og arbeid av lik verdi. Ulik løn mellom langtidsutdanna i privat og offentleg sektor og mellom kvinnedominerte og mannsdominerte område skal kjempast mot. Løn innan eitt og same forhandlingsområde skal vere lik for likeverdige grupper.

Omsynet til likeløn skal vere sentralt i alle deler av lønsdanninga, også lokalt. Frontfagmodellen skal ikkje vere til hinder for å gje kvinnedominerte grupper i offentleg sektor eit likelønsløft. Offentleg sektor må difor få auka rammer.

### • Tariffesta løn for kompetanse

Utdanning og kompetanse skal gje utteljing på løna. Det skal gjevast utteljing for utdanning på alle nivå, relevant yrkeserfaring og ansiennitet. Det skal gjevast utteljing på løn for ansvar og leiarskap.

### • Sterk sentral lønsfastsetting

Lønsfastsettinga skal i hovudsak gjevast sentralt. Dersom lokal lønsdanning vert eit supplement til sentral lønsdanning, skal det leggst sterke føringar i tråd med FO sin lønspolitikk.

### • Hindre sosial dumping

Velferdstenestene skal i hovudsak drivast av det offentlege. Velferdstenestene skal ikkje drivast av profittomsyn, det svekker arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår og set kvaliteten på tilboda i fare. Det skal vere bransjevis harmonisering av tariffavtaler.

Tillitsvalde skal ha lovfesta rett til innsyn i arbeidsavtaler samt løns- og arbeidsforhold. Dette gjeld også ved konkurranseutsetting og privatisering av tenester. Norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelde for alle som arbeider i Noreg.

## **1.2 Arbeidsforhold**

### **• Faste tilsetningar og heile stillingar**

Faste tilsetningar og heile stillingar skal vere hovudprinsipp i norsk arbeidsliv. Arbeidsforholdet skal vere regulert gjennom eit sterkt lov- og avtaleverk som sikrar god medverknad. Heiltid skal vere ein lovfesta rett.

### **• Normalarbeidsdagen**

Normalarbeidsdagen er eit viktig prinsipp for arbeidstidsregulering. Det skal gjevast god kompensasjon lønsmessig for ulagleg arbeidstid. FO ynskjer ein arbeidstidsreduksjon der målet er 6 timars normalarbeidsdag / 30 timars veke med full lønskompensasjon.

### **• Like vilkår i alternative arbeidstidsordningar**

Alternative arbeidstidsordningar skal ha minst like gode vilkår som ordinære arbeidstidsordningar. Fagforeiningane skal forvalte innstillingsretten sentralt. Det vert stilt krav om strenge faglege grunngevingar og at omsynet til helse, miljø og tryggleik er ivareteke ved innføring av alternative arbeidstidsordningar. All arbeidstid der arbeidstakar står til disposisjon, skal telje som arbeidstid fullt ut og lønast deretter.

### **• Gode permisjonsrettar**

Ein solid og likestilt foreldrepermisjon, delt mellom foreldra, er sentral for å oppnå eit meir likestilt arbeids- og familieliv. Det er framleis naudsynt med ein solid foreldrepermisjonskvote til far eller medforelder. Alle skal ha sjølvstendig rett til opptening av fødselspengar. Det må gjevast gode permisjonsrettar med løn ved tyngande omsorgsoppgåver.

### **• Gode pensjonsordningar**

Sikring av gode tenestepensjonsordningar og kampen for ein framleis god avtalefesta førtidspensjon (AFP), er sentralt. Offentleg tenestepensjon må tilpassast betre for yngre årskull, og eldre årskull må få overgangsordningar som sikrar opptente rettar. Svekking i uførepensjonane skal vi kjempe mot. Konsekvensane av levealdersjustering og indeksering må reduserast. Studier skal godskrivas med pensjonspoeng.

### • Seniorpolitikk

Ein god seniorpolitikk handlar først og fremst om ein god arbeidslivspolitik som der arbeidsmiljø, arbeidsvilkår, verdsetting og høve til utvikling medverkar til at arbeidstakarar kan stå i arbeid fram til pensjonsalder. Eit inkluderande arbeidsliv inneber tilrettelegging i alle livsfasar.

### • Faglege karriereveggar, vidareutdanning, kompetanseutvikling og rettleiing

Faglege karriereveggar i arbeidssituasjonen bidreg til at ein beheld erfaring og høg kompetanse nær brukarane. Det skal etablerast system som legg til rette for fagleg oppdatering gjennom vidareutdanning og kompetanseutvikling for alle tilsette. Nyutdanna, nytilsette og nye leiarar skal sikrast god oppfølging. Alle må få tid og høve til rettleiing samt høve til etisk og kritisk refleksjon i profesjonsutøvinga.

### • Betre yrkesskaderettar

Yrkesskaderettane må forbeholdast, og arbeidstakarar må sikrast eit hurtig og forsvarleg oppgjør. Belastningslidingar, både fysisk og psykisk, må godkjennast som yrkessjukdom.

## 1.3 Arbeidsmiljø

### • Eit trygt arbeidsmiljø og vern mot vald og truslar om vald

Eit godt arbeidsmiljø førebyggjer stress, tidspress, mobbing og konflikter, og forhindrar belastningsskader. Arbeidsmiljøet må leggjast til rette slik at det er mogleg for dei som ynskjer det, å stå i klientnære stillingar eit heilt arbeidsliv. Alle har rett til vern mot vald og truslar om vald. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å minimalisere risiko for vald og truslar om vald.

### • Vern om varslarane

Arbeidstakarar som varslar om kritikkverdige forhold, må vernast mot sanksjonar. Varslingsreglane i arbeidsmiljølova må følgjast opp i tråd med intensjonane, slik at arbeidstakarane vert sikra full ytringsfridom.

### • Personvern

Sosiale media aukar omfanget av offentleg uthenging og trakassering av sosialarbeidarar. Arbeidstakarane har behov for eit sterkt vern mot denne type arbeidsmiljøbelastning. Arbeidsgjevarane må ivareta dette som ein del av sin arbeidsmiljøpolitikk.

## 2. PROFESJONSPOLITISK ARBEID

Velferdsstatens oppgåver skal løysast på fagleg forsvarleg vis og med god kvalitet i tenestene. Profesjonane skal utviklast gjennom både felles og spesifikt profesjonsfagleg og profesjonspolitisk arbeid. Dei må byggjast og styrkast i både fagfelt og utdanningsfelt. Den einskilde profesjon sin særskilte kompetanse skal vere tydeleg og synleg.

Tenestene vert kvalitetssikra ved å ha høg og tilpassa kompetanse nær brukar. Dei som søker bistand frå velferdsstaten sine tenester, skal møtast av profesjonsutøvarar som sikrar deira rettar og tek i vare deira sjølvråderett og individuelle behov.

### 2.1 Profesjonsutøving

#### • Bemannings- og kompetansenormer

Bemannings- og kompetansenormer som pålegg tenestene å skape gode rammevilkår for fagutøvinga, skal lovfestast.

#### • Autorisasjon

Barnevernspedagogar, sosionomar og vernepleiarar skal vere autoriserte.

### 2.2 Utdanning og forskning

#### Kvalitet i profesjonsutdanningane

Utdanningane sitt faglege innhald og kvalitetsnivå, deira omfang og lengde, må spegle tenestene og brukarane sine behov. Profesjonsutdanningane sin spesifikke kompetanse må tydeleggjerast, og tverrfagleg samarbeidskompetanse må styrkast, slik at dei utfyller kvarandre i helse- og sosialtenestene.

Utdanning og kompetanseutvikling må sikre at studentane og profesjonsutøvarane sin kompetanse fyller profesjonane sitt samfunnsmandat og gjev fagleg tryggleik. Det må sikrast at eit fleirtal av tilsette i profesjonsutdanningane har utdanning tilsvarende den profesjonen den utdannar studentar til.

Nasjonale strukturar må sikre medlemmane høve til kompetanseheving på ulikt nivå; etter- og vidareutdanning, klinisk kompetanse, mastergrad, ph.d. og så vidare.

Det må vere reell og forsvarleg vurdering av om den einskilde er skikka i utdanningane. Det må sikrast større likskap mellom studia ved dei ulike utdanningsinstitusjonane. Det skal vere rom for lokale tilpassingar og lokale profilar, men det må vere tydeleg kva grunn- og kjernekompetanse den einskilde profesjon innehar – uavhengig av studiestad. Utdanningsinstitusjonane skal vere tilrettelagt for alle, uansett funksjonsevne.



### • **Praksisnære bachelorutdanninger**

Bachelorutdanningane skal vere yrkesretta. Praksisstudie og ferdigheitstrening må utgjere ein sentral del av studieløpet. Det må vere minimum to brukarorienterte praksisperiodar i løpet av utdanninga. Utdanninga og praksisperiodane må gje studentane eit reelt innblikk i praksisfeltet og følgjast opp av kvalifisert rettleiar frå eigen profesjon. Tenestestadene må påleggast å ta i mot studentar i praksisstudie og leggje til rette for rettleiing og eit godt læringsmiljø.

### • **Praksisnær forskning**

FO vil ha ein heilskapleg gradsstruktur med bachelor, master og doktorgrad. Både tverrfaglege masterar og profesjonsmasterar skal kunne leie fram til doktorgrad. Det må systematisk byggjast opp sterke kompetanse- og forskingsmiljø ved utdanningsinstitusjonane. Ein føresetnad er at det vert etablert stipendiat- og ph.d.-stillingar som vert prioritert til våre profesjonar og utdanningar.

Forskning og utviklingsarbeid innanfor helse- og sosialtenestene må styrkast og utførast i samarbeid med tenestene. Forskningsprosjekt må ta utgangspunkt i problemstillingar frå praksisfeltet.

Ved utdanningsinstitusjonane må det opprettast masterar og doktorgradsløp i dei ulike bachelorane som profesjonane byggjer på.

## **2.3 Kompetanse**

### • **Synlege og tydelege profesjonsutøvarar**

Både profesjonane sin felles kompetanse og den einskilde profesjonen sin særskilte kompetanse skal prege kvaliteten i velferdstenestene og vere premissleverandør for teori- og tenesteutviklinga i helse- og sosialfeltet. Profesjonane har ulik kompetanse, utfyller kvarandre og har som samfunnsmandat å sikre tenester av høg kvalitet til menneske i utsette livssituasjonar.

Profesjonane bidreg til det tverrfaglege i desse tenestene. Det er viktig at den einskilde profesjon sin kompetanse, både gjennom profesjonsutdanninga og vidare profesjonsutvikling, dekkjer kompetansebehova i fagfelta. Ambisjonane for kvalitet i den profesjonelle kompetansen og profesjonsidentiteten må vere høge.

### • **Profesjonsutøveren som politisk aktør**

Profesjonane sine samfunnsmandat inneber eit kritisk blikk på dei verdiar og rammer som til ei kvar tid styrer samfunnet. Profesjonane har også ei plikt til å påverke rammevilkåra for arbeidet, og til å melde frå i dei tilfella der tiltak og tenester får uheldige konsekvensar for grupper eller einskildspersonar.

## 3. HELSE- OG SOSIALPOLITIKK

FO skal vere ein aktiv helse- og sosialpolitisk aktør. FO vil motverke utviklinga av samfunnsstrukturer som skapar auka forskjellar, fattigdom, sosial ulikskap, uverdige livsvilkår og sosial utstøying. Noreg skal vere eit land utan fattigdom. Deltaking i arbeidsmarknaden er grunnleggjande for sosial utjamning og førebygging av fattigdom. Personar med særskilte behov skal sikrast tenester av personer med høg fagleg kompetanse og evne til tverrfagleg samarbeid.

### 3.1 Velferdsstat og sosial inkludering

#### • Førebyggjande og helsefremmande arbeid skal prioriterast og lovfestast

Velferdsstaten representerer samfunnet sitt tryggleiksnett. Ein godt utbygd velferdsstat med gode tenester og forsvarlege økonomiske ytingar som sikrar den einskilde mot marginalisering, er avgjerande for eit godt samfunn.

#### • Velferdstenestene skal finansierast av det offentlege

Det er eit offentleg ansvar å sørje for at velferdstenester er av høg kvalitet, differensierte og tilgjengelege for alle. Ideelle organisasjonar er eit supplement. Ideelle og kommersielle tilbod må regulerast av det offentlege. Driftsoverskot må nyttast til å vidareutvikle tenestene. Ideelle organisasjonar skal ha stabile vilkår, og ikkje underleggjast marknadsbaserte, kommersielle anbudsordningar. Helseføretaka må sikrast betre folkevalt styring og kontroll.

#### • Bustadpolitikken skal fremme inkludering og sjølvråde

Alle i Noreg skal bu trygt, ha ein akseptabel bustandard og vere i stand til å betale sine buutgifter. Kommunen må leige ut kommunale bustader med god standard. Det må finnast nok bustader som tek i vare behovet for universell utforming og bustader til store familiar. Det er viktig å førebyggje og kjempe mot bustadløyse, og bustadsosialt arbeid skal vere eit prioritert område.

### 3.2. Lokaldemokrati og gode velferdstenester

Kommunalt lokaldemokrati er veleigna til å sikre innbyggjarane eit godt velferds-samfunn. Gode lokalsamfunn vert bygde gjennom at kommunane har eit tydeleg ansvar og nok ressursar til å byggje gode tenester, og legg til rette for arenaer for deltaking og demokrati. Eit sterkt lokalstyre føreset openheit, innsyn og høg grad av deltaking. Politisk fokus på velferdsoppgåvene, med klare målsettingar fylgt opp med dei naudsynte økonomiske prioriteringar, gjev gode velferdstenester som resultat. Kommunane si evne til å løyse velferdsoppgåver og gje gode offentlege tenester er samstundes avhengig av høg og riktig kompetanse nær folk, tydeleg vilje og klare mål. Eventuelle endringar i kommunestrukturen må vere basert på at dei er frivilljuge.

### 3.3 Oppvekstpolitikk

#### • Oppvekstpolitikk i tråd med SN sin barnekonvensjon

Alt arbeid med barn må skje i tråd med SN sin barnekonvensjon. Denne konvensjonen må ligge til grunn når det gjeld barnet si stilling som eige rettssubjekt. Konvensjonen må vere kjent både hjå dei som arbeider med barn og unge, og barn og unge sjølv. Innverknad og medverknad må søkjast på alle arenaer og samfunnsområde samt i viktige avgjersler som omhandlar barn.

#### • Barnevernslova som rettslov

Barnevernet er samfunnet sitt tryggleiksnett for barn og unge sin rett til ein god oppvekst. Barnevernslova må bli ei rettslov som skal gjelde for alle barn som oppheld seg i Noreg. Barnevernslova sine reglar om ettervern må styrkast og gjelde til ungdommen er 25 år.

Barn sine sjølvstendige rettar må styrkast, og lova må sikre at barn sine krav på vern har forrang framfor foreldra sine krav om foreldreansvar og samvær.

Barnevernslova sine føremål må følgjast opp politisk og med ressursar.

#### • Gode oppvekstvilkår for alle barn og unge

Barn skal sikrast likeverdige tilbod samt gode og trygge oppvekstvilkår. Alle oppvekstarenaer må vere tilgjengelege for alle barn og i hovudsak vere det offentlege sitt ansvar. Samfunnet har eit særleg ansvar for utsette barn og barn med spesielle behov.

Familiar til barn med omfattande bistandsbehov skal sikrast avlastning og ivaretaking, slik at dei har rammer til å fungere som ein familie.

#### • Gode tenester for alle barn og unge

Det er det offentlege sitt ansvar å sikre at alle dei arenaer der barn og unge er, er oppbyggjande.

Sterkt fokus på førebyggjande arbeid er viktig. Tidleg innsats forhindrar barn si liding og vaksne sin sviikt. Gode barnehagar, skular og skulefritidsordningar er sentralt for alle barn. Tverrfagleg kompetanse og arbeid på desse arenaene er eit viktig verkemiddel for at alle barn skal føle tryggleik og tilhørslse og ha ei god utvikling.

Tenestene skal vere spesialiserte, koordinerte og tverrfaglege og fungere som reelle tryggleiksnett.

### **3.4 Mangfald, inkludering og likestilling**

FO vil ha eit inkluderande samfunn kor alle har like rettar og moglegheiter. Ein grunnleggande føresetnad for dette er lik handsaming av menneske uavhengig av kjønn, seksualitet, funksjonsevne, livsfase, livssyn, etnisk bakgrunn og kultur. Individuelt tilpassa tenestetilbod krev at helse- og sosialarbeidarar har evne og kunnskap til å arbeide innanfor ulike kulturelle rammer. FO vil ha ein sterk velferdsstat der menneske med sosiale problem vert møtt med respekt og verdigheit, ikkje moralisme. FO skal arbeide for eit samfunn prega av humanisme og toleranse, utan diskriminering, vald og fordommar. Noreg må føre ein human flyktning- og asylpolitikk i tråd med SN sine tilrådingar og internasjonale konvensjonar.

### **3.5 Arbeidslivet skal vere fritt for diskriminering og ha plass for alle**

Deltaking i arbeidslivet skapar sosial tilhøyrslø og inkludering. Offentlege tenesteytarar skal i størst mogleg grad spegla mangfaldet i folket, og det må stimulerast til at fleire menn vel helse- og sosialfaglege utdanningar og yrke. Arbeidslivet skal ha rammevilkår som legg til rette for begge kjønn si deltaking i alle delar av arbeidslivet.

### **3.6 Sjølvråderett og auka medverknad må sikrast både på individ- og systemnivå**

Brukarar er ein ressurs for å forbetre og utvikle tenestene. Det å få vere ressurs og aktør i eige liv, er viktig i seg sjølv og for å skape utvikling og endring. Førebyggjande og helsefremjande arbeid skal prioriterast og lovfestast. FO skal vere ein aktiv helse- og sosialpolitisk aktør. FO vil motverke utviklinga av samfunnsstrukturar som skaper auka forskjellar, fattigdom, sosial ulikskap, uverdige livsvilkår og sosial utstøying. Noreg skal vere eit land utan fattigdom. Deltaking i arbeidsmarknaden er grunnleggjande for sosial utjamning og førebygging mot fattigdom. Personar med særskilte behov skal sikrast tenester av personar med høg fagleg kompetanse og evne til tverrfagleg samarbeid.

### **3.7 Hindre vald, menneskehandel og seksuell trakassering**

Det er eit offentleg ansvar å redusere omfang og skadeverknad av vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og trakassering, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og prostitusjon.

## 4. KVINNEPOLITIKK

Over 80 prosent av FO sine medlemmar er kvinner. FO er ein feministisk organisasjon og har særleg fokus på kvinne- og likestillingspolitikk. Dei viktigaste likestillingsutfordringane skuldast samfunnsstrukturar som må endrast. Avdekking og motarbeiding av kulturalar, haldningar og strukturar som fører til undertrykking av kvinner, er viktige element i arbeidet for å oppnå reell likestilling.

### • Styrke kvinner sin posisjon i arbeidslivet

FO er som fagforeining særleg oppteken av å styrke kvinner sin posisjon i arbeidslivet. FO ynskjer eit samfunn der begge kjønn har like rettar og plikter i arbeidslivet, samfunnet og heimen. Økonomisk sjølvstende er ein føresetnad for likestilling. Arbeidslivet skal ha rammevilkår som legg til rette for kvinner si deltaking. Kvinner må rekrutterast inn i leiarstillingar.

### • Auka kvinnedeltaking i FO og LO

Auka kvinnedeltaking i eigen organisasjon og fagrørsla elles føreset gode rammevilkår som legg til rette for kvinner si deltaking. Dette krev eit særleg kvinnepolitisk perspektiv.

### • Behalde lovforbodet mot kjøp av seksuelle tenester

Det er kjøparen av seksuelle tenester som skal rammast av lovforbodet. Kvinner og menn som prostituerer seg, skal ha tilrettelagte tilbod som helsetenester, sosiale ordningar og bistand til kvalifisering til arbeid.

### • Kvinneperspektiv på vald og overgrep

Kvinner er særleg utsett for vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og trakassering, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og prostitusjon. Både førebygging, hjelpetiltak og lovverket må styrkast.

## **5. INTERNASJONALT ARBEID OG SOLIDARITET**

FO sitt forsvar av velferdsstat og kollektive løysingar står i opposisjon til den marknadsliberalistiske ideologien som står sterkt i vår globaliserte verd. Trass i at finanskrisa og økonomisk nedgangstid har understreka behovet for statleg styring og kontroll med kapitalkreftene, står måla om frihandel og fri kapitalrørsle framleis sterkt i dei internasjonale finansinstitusjonane. Denne marknadsliberalistiske modellen skaper også hinder for utvikling av verdas fattige land. For å svare på desse utfordringane er det naudsynt med eit styrka internasjonalt samarbeid for meir rettvis handelsreglar, sletting av u-landsgjeld og auka bistand. Parallelt med dette må faglege og demokratiske rettar styrkast gjennom forpliktande avtalar.

### **5.1 For internasjonalt fagforeiningssamarbeid**

Vi står framleis overfor eit sterkt press for liberalisering av handel med tenester gjennom ulike handelsavtalar og EU sitt tenestedirektiv. Presset for å leggje offentlege tenester ut på anbod til private firma held fram i mange kommunar, og kan støtte seg på internasjonalt regelverk Noreg har tilslutta seg gjennom EØS-avtalen. EU-domstolen har dei siste åra avsagt dommar som kan opne opp for sosial dumping, og som kan få konsekvensar også for Noreg. Desse utfordringane krev eit internasjonalt svar frå fagrørsla si side.

### **5.2 For internasjonal fagutveksling**

Ei globalisert verd har mange konsekvensar som gjev utfordringar for helse- og sosialfagleg arbeid som fag. Migrasjon og innvandring skaper kulturelle møte som gjev oss nye utfordringar, og ein felles arbeidsmarknad innanfor EU/ EØS-området skaper utfordringar når det gjeld faglege standardar, autorisasjonsordningar og utdanningskrav. Det er viktig å skape arenaer for yrkesfagleg dialog på tvers av landegrensene. FO deltar difor aktivt i International Federation of Social Workers (IFSW), International Association of Social Educators (AIEJI) og dei nordiske samanslutningane Nordiske Sosionomforbunds Samarbeidskomité (NSSK) og Nordisk Forum for Sosialpedagoger (NFFS).

### **5.3 For internasjonal solidaritet**

Fagrørsla har lange tradisjonar innanfor internasjonalt solidaritetsarbeid. Gjennom solidaritet møter vi ein situasjon der menneskerettar og faglege rettar vert brotne, eller der krig, diktatur og undertrykking pregar kvardagen. FO vil difor gje støtte til helse- og sosialarbeidar- og fagforeiningskollegaer, slik at dei får høve til å organisere seg, drive politisk påverknad og fagleg kamp, samt til fagutvikling og fagutveksling. FO vil støtte og bidra i utviklingsprosjekt der sosialt og sosialpedagogisk arbeid er viktige element, samt støtte tiltak som kan styrke global forståing og internasjonalt engasjement blant FO sine medlemmar.



## VEDTEKTER FOR FO 2015-2019

## § 1. ORGANISASJON

Forbundet sitt namn er Fellesorganisasjonen (FO).

FO er medlem av Landsorganisasjonen i Noreg (LO).

FO er partipolitisk uavhengig.

## § 2. FØREMÅL

FO skal vere den leiande arbeidstakarorganisasjonen for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar. FO skal fremje medlemmane sine løns- og arbeidsvilkår og vere leiande på helse- og sosialpolitikk, yrkesetikk og profesjonsfag.

### FO skal:

- Arbeide for betring av medlemmane sine løns- og arbeidsvilkår.
- Arbeide for ei stadig utvikling av profesjonsfaga og utdanningane.
- Vere pådrivar i helse- og sosialpolitikk.
- Arbeide for å fremje medlemmane sin faglege og etiske standard.
- Arbeide for eit solidarisk samfunn der grunnpillarane er likeverd, tryggleik og alle sin rett til utdanning og arbeid.
- Kjempe for likestilling mellom kjønna.
- Kjempe mot diskriminering, undertrykking og forfølgning på grunn av alder, seksuell orientering, etnisitet, religion, livssyn eller kulturelle haldningar.
- Fremje samarbeid mellom kollegaer og organisasjonar på det helse- og sosialfaglege felt i inn- og utland.
- Arbeide for at fagorganisasjonen alltid er fri og uavhengig.

## § 3. MEDLEMSKAP

### Vilkår for medlemskap:

1. Fullført bachelorutdanning for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar eller velferdsvitarar.
2. Dispensasjon kan gjevast for søkarar med samanliknbare utdanningar. Dispensasjonssøknadar vert handsama av arbeidsutvalet.
3. Studentar ved godkjende bachelorutdanningar (jf. pkt. 1 og 2).

### Medlemskategoriar:

- a) Yrkesaktive medlemmar
- b) Ikkje-yrkesaktive medlemmar
- c) B-medlemmar - yrkesaktive medlemmar (jf. Pkt. 1 og 2 over) som arbeider i sektor/bransje/bedrift der forbundet ikkje har grunnlag for å opprette tariffavtale. Søknadar om B-medlemskap vert handsama som i pkt. 2.



- d) Studentmedlemmar ved bachelorutdanningane. Studentmedlemmar som tek master- eller annan vidareutdanning som har studiet som hovudsysselssetting.
- e) Pensjonistar/ stønadsmottakarar

Medlemmane er forplikta til å rette seg etter forbundet sine vedtekter og yrkesetiske grunnlagsdokument.

Personar som er medlem av rasistiske, nazistiske og/eller fascistiske organisasjonar, eller gjev til kjenne at dei støtter desse, kan ikkje vere medlem av FO.

Ved flytting til utlandet får medlemmet kvilande rettar. Yrkesaktive medlemmar i utlandet betaler kontingent som B-medlemmar. Medlemmet høyrer framleis til si fylkesavdeling.

## **§ 4. FO SINE ORGANISASJONSLEDD:**

- Landsmøte
- Landsstyret
- Arbeidsutvalet
- Fylkesavdelingar
- Klubbar

## **§ 5. LANDSMØTE**

### **§ 5.1 Generelt**

Landsmøtet er FO sitt høgste organ.

Landsmøtet vert halde kvart fjerde år, ordinært innan utgangen av november, og vert innkalla av arbeidsutvalet med minst 36 vekers varsel.

Medlemmar som ynskjer å fremje forslag for landsmøtet, sender det til si fylkesavdeling. For at forslaget skal kunne handsamast på landsmøtet, må det ha alminneleg fleirtal i fylkesavdelinga sitt representantskap. Det same gjeld for forslag fremja av fylkesavdelinga sitt styre.

FO-Studentane fremjar saker etter handsaming i sine styringsorgan. Saker fylkesavdelingane ynskjer handsama på landsmøtet, vert sendt arbeidsutvalet minst 24 veker før landsmøtet.

Saker til landsmøtet med landsstyret si innstilling skal føreliggje og gjerast tilgjengeleg for medlemmane minst fem veker før landsmøtet.

I direkte tilknytning til landsmøtet vert det halde profesjonsfaglege konferansar for dei respektive seksjonane sine landsmøtedelegatar. Konferansane tek opp sentrale profesjonsfaglege spørsmål for seksjonane.

## § 5.2 Representasjon

Landsmøtet sine delegatar består av 157 fylkesavdelingsdelegatar, 12 studentdelegatar, ein delegat frå velferdsvitarutvalet og landsstyret sine medlemmar.

Tilsette sin representant i landsstyret møter med tale- og forslagsrett.

FO-Studentane sine representantar i landsstyret møter med tale- og forslagsrett.

Leiarar for yrkesetisk råd, kontrollkomité og valkomité møter med talerett.

Leiarar for faggrupper kan møte med talerett.

Landsmøtet sine 157 fylkesavdelingsdelegatar vert valt av fylkesavdelingane sine representantskap. FO vert delt inn i 57 valområde slik at kvar seksjon sine medlemmar i kvar fylkesavdeling utgjør eitt valområde.

Berre seksjonsmedlemmane i det enkelte valområdet har røysterett ved valet av delegatar.

Kvart valområde vert tildelt ein delegat uavhengig av medlemstal. Resten av delegatane vert fordelt prosentvis mellom valområda på bakgrunn av medlemstal pr. 01.04. same år som landsmøtet vert halde.

Velferdsvitarutvalet vel ein frå utvalet som delegat til landsmøtet.

FO-Studentane vel 12 delegatar, der alle bachelorutdanningane, jf. § 3.1, er representert.

Landsmøtedelegatane må vere à jour med medlemskontingenten. Fullmaktene skal vere underskrive av to av fylkesavdelingsstyret sine medlemmar. Studentdelegatane sine fullmakter skal vere underskrive av FO-Studentane sin leiar.

Arbeidsutvalet nemner opp ein fullmaktskomité som granskar fullmaktene og legg fram si innstilling for landsmøtet som gjer endeleg vedtak om godkjenning av fullmaktene.

FO dekkjer reise- og opphaldsutgifter for innkalla landsmøtedeltakarar.

## § 5.3 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkallinga
3. Konstituering
  - 3.1 Val av dirigentar
  - 3.2 Val av sekretærer
  - 3.3 Val av protokollkomité på 3 medlemmar
  - 3.4 Val av redaksjonskomitear
4. Godkjenning av fullmakter
5. Godkjenning av saksliste, dagsorden og forretningsorden
6. Meldingar frå landsmøteperioden
7. Rekneskap
8. Saker lagt fram av eller gjennom landsstyret
9. Prinsippprogram
10. Økonomi
  - a. Økonomiske prioriteringar for perioden.
  - b. Fastsetting av kontingent
11. Val av:
  - 11.1 Arbeidsutval: forbundsleiar, nestleiar og tre AU-medlemmar med ansvar for å leie profesjonsråd. Alle vert valt ved særskilte val.
  - 11.2 Landsstyret sine fylkesavdelingsrepresentantar: Ein representant og to vararepresentantar frå kvar fylkesavdeling, ein frå kvar seksjon. Valkomiteen avgjer si innstilling på bakgrunn av prioritert innstilling frå fylkesavdelingane sine representantskapsmøte. Ved val av faste fylkesavdelingsrepresentantar skal det sikrast at ingen profesjon har fleirtal åleine.
  - 11.3 Leiar og to medlemmar til kontrollkomité.
  - 11.4 Val av valkomité: leiar og seks medlemmar. Alle seksjonane skal vere representert, og ingen seksjon skal ha fleirtal åleine. Kvar profesjon har to vararepresentantar, 1. og 2. vara. Leiar i valkomiteen skal ha to vararepresentantar, 1. og 2. vara, som vert valt blant medlemmane i valkomiteen.
  - 11.5 Yrkesetisk råd.
  - 11.6 Andre tillitsvalde.
  - 11.7 Representantar med vararepresentantar til LO sitt representantskap.
  - 11.8 Representantar med vararepresentantar til LO sin kongress.

Saker som ikkje er sett opp på dagsordenen, kan ikkje avgjerast av landsmøtet. Landsmøtet kan likevel med 2/3 fleirtal vedta å handsame forslag til eksterne fråsegner. I kva omfang og på kva måte, vert vedteke av landsmøtet under sak 5.

## § 5.4 Røysterett, handsamings- og avrøystingsreglar

Røysterett har alle lovleg valde delegatar og landsstyret sine medlemmar.

Alle avrøystingar vert teke i samla landsmøte. Ved avrøysting har kvar delegat ei røyst.

Alle saker, dersom ikkje anna er bestemt, vert avgjort ved votering med alminneleg fleirtal. I tilfelle der det er likt tal på røyster er forslaget forkasta.

Ved val vert det kravd alminneleg fleirtal.

## § 6. EKSTRAORDINÆRT LANDSMØTE

Ekstraordinært landsmøte vert innkalla etter vedtak i arbeidsutvalet, landsstyret eller landsmøtet, eller dersom minst 10 prosent av medlemmane skriftleg krev det.

Det vert halde etter dei same reglar som for ordinært landsmøte, men med innkallingstid på 2 månader.

Det kan berre gjerast vedtak i saker som er nemnt i innkallinga. Møtet kan ikkje hevast før protokoll frå møtet er godkjent.

## § 7. LANDSSTYRET

Landsstyret er FO sitt høgste organ i landsmøte-perioden.

Landsstyret sine medlemmar består av: arbeidsutvalet, og landsmøtevalde representantar frå fylkesavdelingane (jf. § 5.3).

Andre som tiltrer landsstyret med tale- og forslagsrett:

- Tilsette sin representant
- Ein representant frå FO-Studentane.
- Ein representant frå velferdsvitarutvalet

Den tilsette sin representant med vara vert valt av og blant dei tilsette i FO.

FO-Studentane vel på sitt landsting, av og blant sine medlemmar, ein representant med tale-, forslags- og røysterett og ein representant med tale- og forslagsrett, samt to personlege vara til desse.

Landsstyret sine fylkesavdelingsrepresentantar møter fast i dei respektive representantskap og fylkesavdelingsstyre.

Landsstyret vert innkalla minst 5 gonger i året. Innkalling skal skje skriftleg med minst 4 vekers varsel. Arbeidsutvalet innkallar elles landsstyret når det trengs, eller når minst 2/3 av landsstyret sine fylkesavdelingsrepresentantar krev det.

Saker kan også sendast landsstyret for skriftleg avgjerd.

Landsstyret er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmane er til stades.

Alle saker i landsstyret skal avgjerast ved alminneleg fleirtal. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst, unntekte ved val av leiar, då valet skal avgjerast ved loddtrekning etter andregongs votering.

Det skal førast protokoll frå landsstyret sine møter.

Landsstyret skal handsame og avgjere saker som følgje av at landsstyret er FO sitt øvste organ mellom landsmøta.

### **Landsstyret skal særleg:**

- Vedta handlingsplanar på dei ulike politikkområda
- Vedta budsjett
- Godkjenne rekneskapa
- Handsame krav til tariff- og hovudavtaleforhandlingar og resultatet av desse
- Opprette faste stillingar sentralt og lokalt
- Inngå tariffavtale med FO sine tilsette
- Fastsetje løns- og arbeidsvilkår for tillitsvalde
- Foreta suspensjon dersom tillitsvalde lokalt eller sentralt i organisasjonen ikkje utfører sitt verv i tråd med vedtekter og overordna politiske dokument
- Foreta suppleringsval til landsmøtevalte organ ved fråfall
- Velje landsstyret sine faste utval, og fastsetje mandat for desse samt for yrkes-etisk råd
- Opprette og velje medlemmar til andre rådgjevande utval
- Fastsetje grensene for den enkelte fylkesavdeling sitt organisasjonsområde
- Fastsetje dei økonomiske rammeføresetnadane for fylkesavdelingane
- Handsame dispensasjonssøknader frå fylkesavdelingane i høve samansetning av fylkesavdeling
- Handsame og følgje opp årsrapportane frå fylkesavdelingane
- Ha overordna ansvar for å utarbeide kompetanse- og opplæringsplan for alle tillitsvalde, og følgje opp at den vert gjennomført
- Ha eit særskilt ansvar for å ivareta profesjonane sine interesser
- Opprette tre profesjonsråd og velje åtte medlemmar til kvart av desse. Dette skal skje på første landsstyremøte etter landsmøtet. Fylkesavdelingane sender

inn forslag på medlemmar til valkomiteen, som innstiller til landsstyret. Når det enkelte profesjonsråd vert valt av landsstyret er det berre representantar for den enkelte profesjon som har røysterett

- På første landsstyremøte etter landsmøtet skal landsstyret velje ein representant og to vararepresentantar til landsstyret frå velferdsvitarane.
- Vere ankeinstans for godkjenningssutval
- Fremje profesjonsfaglege spørsmål i den offentlege debatten
- Handsame saker fremja av fylkesavdelingane
- Velje seks månader før landsmøtet ein settevalkomité på tre medlemmar som er samansett av ein frå kvar profesjon. Settevalkomiteen innstiller på medlemmar til valkomiteen som skal veljast på landsmøtet, og fungere mellom landsmøta.

Ved val av profesjonsråd skal det takast omsyn til representasjon frå lokalt profesjonsfagleg arbeid, utdanningsinstitusjonane og faggruppene.

## **§ 8. ARBEIDSUTVALET**

Arbeidsutvalet er FO sitt utøvande og høgste organ mellom landsstyremøta.

Arbeidsutvalet består av 5 medlemmar (jf. § 5.3).

Administrativ leiar møter i arbeidsutvalet.

Tilsette sin representant møter med tale- og forslagsrett når dette organet handsamar saker som gjeld dei tilsette.

Arbeidsutvalet set i verk landsmøtet og landsstyret sine vedtak og sørgjer for at organisasjonen sine funksjonar vert utført i samsvar med vedtekter og føremål.

Arbeidsutvalet og arbeidsutvalet sine medlemmar har heilskapleg ansvar for FO sin politikk.

### **Arbeidsutvalet skal særleg:**

- Representere FO utad
- Disponere vedteke budsjett og vere ansvarleg for rekneskapsførsel
- Ta seg av løpande saker
- Tilsetje FO sitt personell
- Ha regelmessig kontakt med og oppfølging av fylkesavdelingane
- Handsame søknader om medlemskap jf. § 3 punkt 2.
- Koordinere dei organisatoriske og politiske førebuingane til landsstyremøter og landsmøtet

- Gje høyringsfråsegner
- Koordinere det profesjonsfaglege arbeidet i FO
- Følgje opp dei landsdekkande faggruppene
- Handsame og førebu saker frå fylkesavdelingane for landsstyret.

Til arbeidsutvalet har medlemmane møteplikt. Arbeidsutvalet er vedtaksført når minst 3 av medlemmane er til stades. Alle saker i arbeidsutvalet vert avgjort ved alminneleg fleirtal. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst.

Det vert ført protokoll frå møta. Landsstyret tek protokollen til etterretning.

Forbundsleiar får fullmakt til å fatte vedtak mellom arbeidsutvalsmøta når dette vert sett som naudsynt. Slike vedtak skal leggast fram for arbeidsutvalet i først-kommande møte.

## § 9. SEKSJONANE

### § 9.1 Seksjonane

Medlemmane i FO høyrer til ein av følgjande seksjonar:

- Barnevernspedagog
- Sosionom
- Vernepleier

Velferdsvitarane høyrer til sosionomseksjonen. Medlemmar som ikkje har bachelor som barnevernspedagog, sosionom, vernepleier eller velferdsvitar vert seksjonsplassert etter følgjande prioriterte kriterier: arbeidsområde, utdanning, medlemmen sitt eige ynskje.

## § 10. KOMITÉAR, RÅD OG UTVAL

### § 10.1 Kontrollkomité

Landsmøtet vel ein sentral kontrollkomité som har til oppgåve å sjå til at dei organisatoriske og økonomiske disposisjonar som vert gjort er i samsvar med vedtekter og vedtak i landsmøtet, landsstyret og AU.

Komiteen fylgjer instruks vedteke av landsmøtet.

Medlemmar i kontrollkomitéen kan ikkje ha andre verv i FO.

## § 10.2 Valkomité

Landsmøtet vel ein sentral valkomité som har til oppgåve å foreslå kandidatar til:

- Landsmøtevalde verv unnateke valkomiteen
- Faste utval som vert valt av landsstyret
- Supplering i landsmøteperioden

Valkomiteen har innstillingsrett.

## § 10.3 Profesjonsråd

Profesjonsråda har ansvar for å arbeide med medlemmane sine interesser i spørsmål som gjeld bachelorutdanningane og utdanningar ut over bachelornivå, fagutvikling, fagkritikk, yrkesetikk og andre profesjonsfaglege spørsmål.

Den enkelte seksjon vert leia av eit profesjonsråd som består av leiar (AU-medlem jf. § 5.3 pkt., 11.1), og åtte medlemmar valt av landsstyret (Jf. § 7, kulepkt. 18).

Seksjonsrådet vert leia av AU-medlem med ansvar for seksjonen sitt arbeidsområde.

Velferdsvitarutvalet har ein representant med vara i profesjonsrådet for sosionomar.

FO-Studentane vel inn ein representant med vara frå respektiv utdanning. Denne møter med tale-, forslags- og røysterett.

Profesjonsrådet skal særleg:

- Stimulere til idéskapning, nettverksbygging og debatt innan ulike arbeidsområde og i yrkesgruppa elles
- Bidra til å kritisk utvikle profesjonsfaget innan forskning, utdanning og i praksisfeltet
- Utvikle og leggje til rette for samarbeid mellom dei tre seksjonane og andre fagmiljø
- Uttale seg i sentrale spørsmål som gjeld utdanning, kompetansebehov, yrkesetikk mv.
- Avhalde minst eit felles møte mellom dei tre profesjonsråda pr. halvår
- Arbeide med å gje råd til landsstyret om sentrale spørsmål som gjeld den enkelte profesjon
- Profesjonsrådet har ansvar for å arrangere konferansar og utvikle kontakt og samarbeide med dei lokale profesjonsutvala
- Tildele fagstipend

## § 10.4 Landsstyret sine rådgjevande utval

1. Landsstyret skal nemne opp rådgjevande forhandlingsdelegasjon for ein toårsperiode som fylgjer tariffoppgjera



2. Landsstyret skal nemne opp velferdsvitarutval
3. Landsstyret kan opprette rådgjevande utval

Dei rådgjevande utvala skal innhente kunnskap, utgreie og gje råd innanfor område fastsett av landsstyret.

Landsstyret fastset utvala sine endelege mandat.

### **§ 10.5 Landsomfattande faggrupper**

Landsstyret kan vedta organisering av landsomfattande faggrupper. Landsstyret vedtek retningsliner for faggruppene og avset midlar til faggruppene si verksemd under den årlege budsjetthandsaminga.

### **§ 10.6 Yrkesetisk råd**

Vert valt av landsmøtet og vert sett saman av tre medlemmar frå kvar seksjon og ein frå velferdsvitarane. Berre ein av desse medlemmane kan ha ei anna utdanning enn bachelor som barnevernspedagog, sosionom, vernepleier eller velferdsvitar. I tillegg vert det nemnt opp to eksterne medlemmar.

Rådet sitt mandat er å bidra til etisk refleksjon og medvit blant profesjonsutøvarane, halde etisk diskusjon høgt på organisasjonen og seksjonane sin dagsorden og handsame klager på profesjonsutøving. Rådet tek imot førespurnader om råd og drøfting av etiske spørsmål.

Landsstyret fastset rådet sitt endelege mandat.

### **§ 10.7 Godkjenningssutval**

Godkjenningssutval for dei respektive seksjonane vert nemnt opp av landsstyret etter innstilling frå profesjonsråda

## § 11 FYLKESAVDELINGANE

### § 11.1 Fylkesavdelinga sitt organisasjonsområde

Landsstyret fastset grensene for den enkelte fylkesavdeling sitt organisasjonsområde.

Fylkesavdelinga organiserer medlemmar av FO som arbeider eller studerer i fylkesavdelinga sitt organisasjonsområde. For andre medlemmar gjeld bustadsadresse.

Landsstyret avgjer unnatak frå desse reglane.

### § 11.2 Fylkesavdelinga sitt ansvar

1. Vere kjent med FO sine vedtekter og følgje desse.
2. Disponere økonomien i tråd med landsmøtet og landsstyret sine prioriteringar.
3. Følgje FO sin overordna politikk som vert vedteke av forbundet sine organ.

### § 11.3 Fylkesavdelinga sine oppgåver

Fylkesavdelinga har følgjande hovudarbeidsoppgåver:

- Ivareta medlemmane sine interesser i løns- og arbeidsforhold
- Arbeide for profesjonsfagleg aktivitet og utvikling
- Arbeide for å fremje helse- og sosialpolitisk aktivitet og utvikling
- Utvikle og vedlikehalde eit effektivt lokalt tillitsvaltapparat, under dette opprette og oppretthalde klubbar og studentane sine lokallag
- Verve medlemmar til organisasjonen, under dette studentar ved grunnutdanningane
- Drive tillitsvaltskulering og halde tillitsvaltkonferansar
- Arrangere medlemsmøte, kurs og andre tiltak om spørsmål innanfor medlemmane sine fagområde og arbeidsforhold
- Tildele økonomiske midlar til drift av klubbane
- Hjelpe fylkesavdelingsoverskridande klubbar i samarbeid med dei andre fylkesavdelingane dette gjeld. Fylkesavdelingsoverskridande klubbar vert tildelt midlar høvesvis frå dei respektive fylkesavdelingane.
- Vere forplikta til å samarbeide om naudsynnte fylkesavdelingsoverskridande tiltak og aktivitetar
- Årleg sende ein årsrapport med rekneskap, budsjett og aktivitetsrapport til landsstyret
- Arbeide for å fremje solidaritet og samarbeid med andre fagorganisasjonar, profesjonar og ulike brukargrupper
- Fremje aktuelle saker for landsstyret

## § 11.4 Fylkesavdelinga sitt årsmøte

Årsmøtet er fylkesavdelinga sitt høgste organ og vert halde kvart andre år innan utgangen av mars.

Fylkesavdelingsstyret innkallar til årsmøtet med minst seks vekers varsel. Medlemmar og klubbar som ynskjer å fremje forslag til årsmøtet må gjere dette minst fire veker før årsmøtet vert halde.

Saker til årsmøtet med styret si innstilling skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane minst to veker før årsmøtet vert halde. Saker som ikkje er ført opp på dagsorden kan handsamast dersom 2/3 av årsmøtet ynskjer dette.

Alle saker i fylkesavdelinga sitt årsmøte vert avgjort med alminneleg fleirtal. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst, unntak er val av leiar, då vert valet avgjort ved loddtrekning etter andregongs votering.

### Årsmøtet har følgjande dagsorden:

1. Opning
2. Konstituering
  - 2.1 Godkjenning av innkallinga
  - 2.2 Val av dirigent(ar)
  - 2.3 Val av sekretær(ar)
  - 2.4 Val av protokollkomité
  - 2.5 Val av redaksjonskomité
  - 2.6 Val av teljekorps
  - 2.7 Godkjenning av sakliste og dagsorden
  - 2.8 Godkjenning av forretningsorden
3. Årsmelding
4. Rekneskap og kontrollkomiteen si melding
5. Innkome forslag og fylkesavdelinga sitt handlingsprogram
6. Økonomi
  - 6.1 Økonomiske prioriteringar for årsmøteperioden
  - 6.2 Budsjett
7. Fastsetting av storleik og samansetning av representantskapet (jf. § 11.5)
8. Val av:
  - a) Fylkesavdelingsstyret: Leiar, nestleiar(ar), fylkessekretær, kassarar og minst fem styremedlem. Blant styremedlemmane skal det vere ein profesjonsfagleg ansvarleg for kvar seksjon.
  - b) Profesjonsfaglege utval. Ved val av profesjonsfaglege utval har berre representantar frå aktuell seksjon røysterett.

- c) Rådgjevande utval
- d) Valkomit .
- e) Kontrollkomit 
- f) Andre val

Valbare er alle medlemmar – unntake B-medlemmar – av fylkesavdelinga som er   jour med kontingenten.

Fylkesavdelinga sitt representantskap m ter med tale-, forslags- og r ysterett.

Andre medlemmar av FO har m te-, tale- og forslagsrett.

Ekstraordin ert  rsm te kan verte halde etter vedtak i fylkesavdelinga sitt styre, representantskapet, eller n r minst 1/3 av medlemmane skriftleg forlanger det. Det vert innkalla med minst tre vekers varsel og kan berre gjere vedtak i dei saker som er meldt i innkallinga.

Fylkesavdelinga sender innan fire veker etter  rsm tet utskrift av protokollen til FO sitt arbeidsutval. Utskrifta skal omfatte  rsmelding, rekneskap, kontrollkomiteen si melding, budsjett, samt dei val  rsm tet har gjort.

## **  11.5 Fylkesavdelinga sitt representantskap**

Representantskapet er fylkesavdelinga sitt h gste organ mellom  rsm ta.

Representantskapet består av valde representantar fr  klubbar, samt styret i fylkesavdelinga, inklusive landsstyrerepresentanten, leiarar for fylkesavdelinga sine utval og representantane fr  FO-Studentane.

Storleik og samansetning av representantskapet vert vedteke av  rsm tet.

Fylkesavdelingsstyret innkallar representantskapet til m te minst to gonger i  ret.

Representantskapet sine medlemmar vert innkalla med minst fire vekers varsel. Fylkesavdelingsstyret innkallar elles representantskapet n r det finn at det trengs eller n r minst 2/3 av representantskapet sine medlemmar krev det.

Representantskapet handsamar forslag til saker og val av delegatar til landsm tet, og nominasjon av representant til landsstyret med vara. Dette skjer innanfor dei fristar som g r fram av   5.

Representantskapet vel året før årsmøtet ein settevalkomité på tre medlemmar som er samansett av ein frå kvar profesjon. Settevalkomiteen innstiller på medlemmar til valkomiteen som skal veljast på årsmøtet, og fungere mellom årsmøta.

Det første representantskapsmøtet i det året det ikkje er årsmøte, vedtek fylkesavdelinga sitt budsjett samt godkjenner fylkesavdelinga sin rekneskap for føregående år.

Alle saker i representantskapet vert avgjort med alminneleg fleirtal. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst, unnateke val av leiar, då valet vert avgjort ved loddtrekning etter andregongs votering.

Det vert ført protokoll frå representantskapsmøta.

## **§ 11.6 Fylkesavdelingsstyret**

Fylkesavdelingsstyret er fylkesavdelinga sitt utøvande organ. Fylkesavdelingsstyret vert sett saman slik at ingen seksjon har fleirtal åleine. Annan samansetning krev dispensasjon frå landsstyret.

Fylkesavdelingsstyret sine medlemmar har tale-, forslags- og røysterett.

Fylkesavdelinga sin landsstyrerepresentant møter fast i fylkesavdelingsstyret med tale-, forslags- og røysterett.

FO-Studentane vel to representantar til fylkesavdelingsstyret, der den eine har tale- forslags- og røysterett. Den andre representanten har tale- og forslagsrett.

Fylkesavdelingsstyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst. Fylkesavdelingsstyret fører protokoll frå sine møte.

Fylkesavdelingsstyret sitt arbeidsutval består normalt av leiar, nestleiar og fylkessekretær og fungerer mellom styremøta etter fullmakt gjeve av fylkesavdelingsstyret.

Mellom møta i fylkesavdelingsstyret sitt arbeidsutval har leiar fullmakt gjeve av fylkesavdelingsstyret sitt arbeidsutval.

## § 11.7 Fylkesavdelingane sine utval

### § 11.7.1 Kontrollkomité

Kontrollkomiteen består av tre medlemmar valde av årsmøtet og fylgjer instruks for fylkesavdelingane sine kontrollkomitear vedteke i landsstyret. Medlemmar i kontrollkomiteen kan ikkje ha andre verv i FO.

### § 11.7.2 Valkomité

Valkomiteen består av like mange medlemmar frå kvar seksjon. Valkomiteen vert valt av årsmøtet, og førebur val til påfølgjande årsmøte samt suppleringsval i perioden og delegatar til landsmøtet.

### § 11.7.3 Rådgevande utval

Fylkesavdelinga kan ha følgjande rådgevande utval:

- Tariffpolitisk utval
- Helse- og sosialpolitisk utval
- Studieutval
- Kvinnepolitisk utval
- Informasjonsutval
- Internasjonalt utval
- Seniorpolitisk utval

Desse vert valde på årsmøtet med mindre fullmakta vert overført styret.

Utval skal, dersom dei gjeld alle profesjonane, fortrinnsvis setjast saman slik at alle seksjonane er representert.

### §11.7.4 Profesjonsfaglege utval

Profesjonsfagleg utval vert valt av årsmøtet med mindre fullmakta vert overført styret.

Profesjonsfagleg utval vert valt for kvar seksjon med profesjonsfagleg ansvarleg som leiar, eller det vert valt eit felles profesjonsfagleg utval.

Viss det vert valt felles profesjonsfagleg utval skal dette setjast saman slik at ingen seksjon har fleirtal åleine. Alle seksjonane må vere representert. Ein av dei profesjonsfagleg ansvarlege i fylkesavdelingsstyret vert valt som leiar av utvalet.

## § 12. KLUBBAR

### § 12.1 Klubben sitt organisasjonsområde

Innan fylkesavdelinga sitt område vert det oppretta klubbar. Den enkelte klubb sitt organisasjonsområde vert fastsett av fylkesavdelinga sitt representantskap. Organisasjonsområdet for fylkesavdelingsoverskridande klubbar vert avklara mellom fylkesavdelingane det gjeld.

Klubbane er FO sitt lokale organisasjonsledd og skal i hovudsak ivareta medlemmane sine arbeidstakarinteresser og fremje engasjement i profesjonsfaglege og helse- og sosialpolitiske saker.

Klubbane skal aktivisere medlemmane på dei ulike arbeidsplassane/verksemdene og verve nye medlemmar.

Klubbane skal handsame saker som medlemmane ynskjer å handsame på klubb- eller fylkesavdelingsnivå, eller som er sendt over frå fylkesavdelinga sitt representantskap eller fylkesavdelingsstyret.

Klubbane har ansvar for å stå for val av tillitsvalte etter hovudavtalen.

Klubbane kan gjere suverene vedtak innan sitt område/si verksemd. Slike vedtak må vere innanfor ramma av forbundet sine vedtekter, politiske program og vedtak. Klubbane kan fremje saker til fylkesavdelingane.

### § 12.2 Klubben sin organisasjonsmodell

Klubbane vert normalt organisert etter ein allmøtemodell, men kan organiserast etter ein representantskapsmodell, avhengig av storleik, geografiske forhold mv. Slik organisering må godkjennast av fylkesavdelinga sitt styre etter søknad frå klubben. Fylkesavdelingsoverskridande klubbar vert normalt organisert etter representantskapsmodellen.

I allmøtemodellen vert alle medlemmar i klubben innkalla til års- og medlemsmøte. I representantskapsmodellen er det dei FO-tillitsvalde i klubben sitt organisasjonsområde som vert innkalla til års- og representantskapsmøte. Representantskapsmodellen føreset at det vert lagt til rette for medlemsmøte eller liknande innan dei enkelte avgrensa geografiske, administrative/organisatoriske eller andre einingar i FO-klubben sitt organisasjonsområde.

## § 12.3 Klubben sitt årsmøte

Årsmøtet er klubben sitt høgste organ og vert halde minimum kvart andre år. Klubben sitt årsmøte vert innkalla med minst 14 dagars varsel. Årsmøtet vert halde innan utgangen av februar.

Årsmøtet har følgjande dagsorden:

1. Opning
2. Konstituering
  - a. Godkjenning av innkallinga
  - b. Val av dirigent(ar)
  - c. Val av sekretær(ar)
  - d. Val av protokollkomité
  - e. Godkjenning av dagsorden og forretningsorden
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Saker
6. Budsjett
7. Val av:
  - a. Klubbstyre: Leiar og styremedlem (eventuelt omtala som nestleiar/ sekretær/kasserar/profesjonsfagleg ansvarlege/styremedlem m.m.)
  - b. Representant(ar) til representantskapet i fylkesavdelinga
  - c. Andre val

Alle saker på klubben sitt årsmøte vert avgjort med alminneleg fleirtal. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst, unnateke ved val av leiar, då vert valet avgjort ved loddtrekning etter andregongs votering.

Utskrift av protokollen frå årsmøtet vert sendt fylkesavdelinga seinast fire veker etter årsmøtet. Utskrifta skal omfatte årsmelding, rekneskap og budsjett, samt dei val årsmøtet har gjort.

Årsmøteprotokollen skal gjerast tilgjengeleg for alle medlemmar i klubben.

Ekstraordinært årsmøte kan verta halde etter vedtak i klubbstyret, medlemsmøte/representantskapet, eller når minst 1/3 av medlemmane skriftleg forlanger det. Det vert innkalla med minst ei veker varsel, og kan berre gjere vedtak i dei saker som er meldt i innkallinga.

## § 12.4 Medlemsmøte/representantskapsmøte i klubben

Medlemsmøtet/representantskapet er klubben sitt høgste organ mellom årsmøta. Kunngjering av møta med dagsorden skal skje med minst ei veker varsel.



## **§ 12.5 Klubbstyret**

Klubbstyret er klubben sitt utøvande organ.

Klubbstyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved likt tal på røyster gjeld leiar si røyst som dobbeltrøyst.

## **§ 13 FO-STUDENTANE**

FO-Studentane er ei samanslutning av studentmedlemmane i FO og underlagt landsmøtet. Organiseringa er landsomfattande. Lokallaga er representert i aktuelle fylkesavdelingar, og fylkesavdelingane skal støtte lokallaga sitt arbeid jf. § 11.3 kulepunkt 4. FO-Studentane sitt arbeidsutval er underlagt FO-Studentane sitt landsting. FO-Studentane sitt landsting fastset FO-Studentane sine vedtekter.

FO-Studentane sine aktivitetar vert finansiert gjennom årlege løyvingar i landsstyret.

## **§ 14. KVOTERING**

Ved val til landsmøtet, landsstyret, arbeidsutvalet, fylkesavdelingsstyra og vedtektsfesta komitear, råd og utval skal minst 50 prosent av dei valde vere kvinner.

Ved val til klubbstyrer samt andre råd og utval lokalt og sentralt skal ein arbeide for at minst 50 prosent av dei valde er kvinner.

## **§ 15. TIDSSKRIFT**

FO utjev tidsskriftet Fontene med jamlege utgåver av spesialnummeret Fontene Forskning. Tidsskrifta sine føremål, kor ofte og kva omfang dei vert gjeve ut i, vert fastsett av landsstyret.

## **§ 16. ØKONOMI/KONTINGENT**

### **§ 16.1 Kontingent**

Med kontingent vert det meint det medlemmane betalar for sitt medlemskap i FO.

FO sin ordinære kontingent for yrkesaktive medlemmar vert fastsett av landsmøtet.

Kontingent for andre medlemskategoriar vert fastsett av landsstyret. Kontingent for yrkesaktive medlemmar vert fortrinnsvis betalt ved lønstrekk.

## **§ 16.2 Fylkesavdelingstilskot**

Fylkesavdelingstilskotet vert fastsett av landsstyret under den årlege budsjett-handsaminga.

## **§ 16.3 Ekstrakontingent ved arbeidsstans**

Ved arbeidsstans i samband med tariffkrav kan landsstyret vedta ekstrakontingent.

## **§ 17. REKNESKAP/REVISJON**

### **§ 17.1 Årsoppgjer og revisjon**

FO sin samla rekneskap skal gjerast opp og reviderast ved avslutning av kvart rekneskapsår.

Revisjonen skal utførast av statsautorisert revisor.

### **§ 17.2 Årsrekneskap**

FO sin samla rekneskap, revisjonsmelding og årsmelding frå kontrollkomitéen vert sendt landsstyret til godkjenning ved avslutning av kvart rekneskapsår.

Rekneskap og revisjonsmeldingar vert lagt fram for landsmøtet til orientering.

## **§ 18. TARIFFKRAV/ARBEIDSTANS**

Det vert vist til LO sine vedtekter § 14 om tariffkrav og tariffrevisjonar og § 15 om avrøysting over tarifforslag – arbeidsstans.

Landsstyret vedtek FO sine krav i tariffspørsmål. Arbeidsutvalet tek hand om FO sine interesser i sentrale forhandlingar, etter retningslinjer frå landsstyret.

Arbeidsstans i samband med tariffkrav kan ikkje setjast i verk utan vedtak i landsstyret.

Når vedtak om å setje i verk streik er fatta, eller om lockout er varsla, vel alle fylkesavdelingane ein streike- eller lockoutkomité.

Så lenge ein arbeidsstans varer, må ingen ta arbeid i verksemder som vert omfatta av arbeidsstansen eller i verksemder/bedrifter der det er erklært vilkårslause sympatiaksjonar.

Landsstyret fattar vedtak om opphør av streik.

Tarifforslag skal leggst fram for dei medlemmane interessetvisten gjeld.

For at avrøystingsresultatet skal gje eit fullverdig uttrykk for viljen hjå medlemmane, skal det gjennomførast uravrøysting. Jf. LO sine vedtekter.

## **§ 19. STØNAD UNDER ARBEIDSSTANS**

Alle medlemmar som vert omfatta av arbeidsstans (streik eller lockout etter vedtak i samsvar med § 18) har rett på stønad. Satsane for stønad vert fastsett av landsstyret.

Tek medlemmar anna arbeid må dei gje melding om dette til fylkesavdelinga sin streike- eller lockoutkomité. Så lenge medlemmet har slikt arbeid, fell stønad bort.

Medlemmar som var sjukmeldt då arbeidsstansen vart sett i verk, har krav på stønad frå den dagen dei vert friskmeldt mot å leggje fram legeattest.

Medlemmar som er utskrive til vernepliktsteneste då arbeidsstansen vart sett i verk, får stønad frå den dagen dei vert dimittert.

## **§ 20. UTMELDING**

### **§ 20.1 Ordinær utmelding**

Utmelding skjer skriftleg. Kontingent skal betalast ut den månaden utmelding skjer.

### **§ 20.2 Utmelding ved skuldig kontingent**

Eit medlem som skuldar kontingent vert rekna som utmeldt av forbundet etter to purringar.

### **§ 20.3 Utmelding i samband med arbeidskamp**

Utmelding kan ikkje skje så lenge forbundet er i arbeidskamp, dvs. frå og med dato for varsel om plassfråtreiding.

## **§ 21. SUSPENSJON/EKSKLUSJON**

### **§ 21.1 Grunn til suspensjon og ekskludering**

Ein medlem kan suspenderast eller ekskluderast dersom ho/han set seg ut over desse vedtekter, forbundet sitt etiske grunnlagsdokument eller på annan måte vert sett å ha handla til alvorleg skade for sitt yrke eller sin organisasjon.

Ein medlem kan suspenderast eller ekskluderast dersom ho/han er tilslutta rasistiske/nazistiske og/eller fascistiske organisasjonar eller openlyst gjev til kjenne at dei støttar slike.

## **§ 21.2 Vedtak om suspensjon og ekskludering**

Arbeidsutvalet kan fatte vedtak om suspensjon. Dersom grunnlaget er av yrkesetisk karakter, vert saka handsama etter føregåande handsaming og innstilling frå yrkesetisk råd. Vedtak gjeld inntil landsstyret fattar vedtak om eksklusjon/frifinning.

## **§ 21.3 Rett til å anke**

Vedtak om suspensjon kan innan ein – 1 – måned etter at medlemmen har fått skriftleg varsel om det, ankast til landsstyret utan at klagen har oppsettande verknad. Forvaltningslova sine reglar vert gjort gjeldande.

Den suspenderte/ekskluderte har rett til å bringe avgjerla inn for landsmøtet.

## **§21.4 Opptak som medlem igjen**

Ein medlem som har vore ekskludert kan takast opp igjen som medlem etter vedtak av landsstyret.

## **§ 21.5 Møterett ved handsaming**

Ein medlem som er foreslått suspendert/ekskludert har rett til å møte ved arbeidsutvalet/landsstyret si handsaming for å gje forklaring.

## **§ 22. URAVRØYSTING**

Landsmøtet eller landsstyret kan sende saker som er sær s viktige til uravrøysting blant medlemmane.

Fylkesavdelinga sitt styre, representantskap eller 1/3 av fylkesavdelinga sine medlemmar kan krevje at saker som er sær s viktige innanfor fylkesavdelinga sine eigne politikkområde vert sendt ut til uravrøysting blant fylkesavdelinga sine medlemmar.

## **§ 23. VEDTEKTSENDRINGAR**

Endringar i vedtektene vert vedteke på landsmøtet med 2/3 fleirtal.

## **§ 24. AVVIKLING AV FO**

Avvikling av FO kan skje dersom landsstyret set fram forslag om det overfor landsmøtet og forslaget vert vedteke med 5/6 av dei gjevne røystene, eller dersom ein av seksjonane trekkjer fullmaktene tilbake.

Ved oppløysing av FO vert midlane fordelt etter forholdstal på bakgrunn av seksjonane sine medlemstal.



FO.NO

Fellesorganisasjonen (FO)  
Postboks 4693 Sofienberg 0506 Oslo  
Besøksadresse: Mariboestgt. 13, 0183 Oslo  
Tlf. 02380

